



Gunn Mari Moberg (H) vart ikkje vald inn i formannskapet, men møtte i det første ordinære formannskapsmøtet torsdag fordi partifellen Arne Havnerås hadde forfall. Her sit ho mellom Bjarne Berge (TS) og Ole Torbjørn Holmedal (Frp). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fleirtalspartia har det svært travelt med å vurdere skulestrukturen i kommunen. I det første ordinære formannskapsmøtet torsdag fekk dei - mot opposisjonspartia - valt eit utval som mellom andre Høgreleiar Gunn Mari Moberg frå Uskedalen meinte var unødvendig ettersom det skal veljast ein permanent komitee for kultur, oppvekst og skule av kommunestyret om eitpar veker.**

- Dette er ei snikinnføring av ein komitee før valet av den eigentlege komiteen, sa ho. Medlemmer av utvalet vart Erling Boland (Ap, leiar), Håkon Røstbø (IP), Marianne Lund Anderssen (V), Leif Sverre Enes (H) og Otto Benjaminson (KrF). Med andre ord har fleirtalspartia tre og opposisjonspartia to i utvalet.

I mandatet for utvalet heiter det at det skal greie ut endringar i skulestrukturen utifrå pedagogiske, sosiale og samfunnsmessige omsyn og at målet er å redusere kostnader og effektivisere drifta av grunnskulen og redusere behovet for investeringar i skuleanlegg.

Innstillinga frå utvalet skal vera klar før 1. februar 2008. Så kjem ein høringsrunde mellom anna med informasjonsmøte rundt om i kommunen foran den politiske handsaminga i april/mai. Då skal saka – i hvert fall slik ho vert framstilt av rådmannen i sakspapira - opp i den nye komiteen for kultur, oppvekst og skule og gå via formannskapet til endeleg avgjerd i kommunestyret.

Men det var stor forvirring og ein klar politisk konfrontasjon i formannskapet, der Knut Prestnes (Sp) starta med å opplysa at det var det var "det nye utvalet som er vedtatt av kommunestyret" som skulle veljast. Ole Torbjørn Holmedal (Frp) sa at denne opplysninga nesten fekk han til å detta av stolen og han ville veta om det var den permanente komiteen eller ad hoc-utvalet som no skulle utpeikast. Prestnes: - Vi har vald å utpeika dei som skal sjå på strukturen først. Eigentleg har vi vist tålmodigheit når det gjeld å koma i gang med dette arbeidet, for det er ei stor oppgåve. No vel vi dei som vi seinare har tenkt skal sitja i hovudkomiteen.

Bjarne Berge (TS) gjekk sterkt i mot val av utvalet før komiteen og det gjorde også Otto Benjaminson (KrF). Berge var bekymra og overraska over hastverket i saka og advara mot dette. Holmedal: - Eg forstår at Senterpartiet har det travelt med å komma i gang med nedleggjing av skular, til dømes i Herøysund og Ølve. Det er nok litt overraskande for dei som har stemt på dette partiet. Det er den faste komiteen som bør få denne utgreiingsoppgåva. Det er overraskande og unødvendig å velgja eit eige utval i dag og så eit nytt om to veker – kanskje til og med dei same personane. Eller blir dette gjort for å trekkja den politiske diskusjonen bort frå dei opne rom? Skal den no gå føre seg på hemmelege plassar?

Av Ola Matti Mathisen